


Sak			
Dok.nr.	Dato	Dokument (type, tittel)	Merknader
1	27.09.89	Brev fra Gol kommune til U.O.	
2	13.11.89	Brev fra U.O. til Gol kommune.	Ingen fornminner.



# GOL KOMMUNE

3124 04.10.

SAK PON

Gol, 27 .09 .89

Kommuneplanutvalet i Gol, her  
Buskerud fylkeslandbruksstyre v/landbruksnemnda i Gol, her  
Kulturutvalet i Gol, kulturkontoret, her  
Gol skulestyre, her  
Helse- og sosialutvalet i Gol, her  
Hallingdal off. kjøtt og næringsmiddelkontroll, 3550 Gol  
Hallingdal Kraftlag Sone Gol, 3550 Gol  
Televerket, Drammen teleområde, Pb. 386, 3001 Drammen  
Vegsjefen i Buskerud, Pb. 2265 Strømsø, 3003 Drammen  
Universitetet i Oslo, oldsakssamlinga, Fredriksgt. 2, 0164 Oslo 1  
Buskerud fylkeskommune, plan- og næringskontoret, Haugesgt. 89,  
3000 Drammen  
Fylkesfriluftsnemnda i Buskerud, Haugesgt. 89, 3000 Drammen

Journalnr.:  
03775/89

Arkivnr.:  
504

Saksbehandler:  
PHM

## FRAMLEGG TIL REGULERINGSPLAN FOR HAMMERSTAD CAMPING.KUNNGJERING 1. GANG

Gol bygningsråd har 1. gongs- handsama nemnde planframlegg med tilhøyrande reguleringsføresegner i møte den 28.09.89, sak B 115/89.

Plankart og reguleringsføresegner fylgjer vedlagt.

Moglege merknader må sendast skriftleg til Gol bygningsråd, 3550 Gol, innan 6. november 1989.

Dersom bygningsrådet ikkje har motteke merknader innan nemnde dato, går ein ut frå at De ikkje har innvendingar mot planframlegget.

Med helsing  
Gol Kommune

*Per Helge Myklebust*  
Per Helge Myklebust  
Avd.leiar

VEDLEGG: Kart og reguleringsføresegner  
Sak B 115/89.

REGKUN2/TXTPHM

Adresse:

Telefon:

Bankgiro: 9211.05.00051

Postgiro: 5 49 84 07



Bygningsrådet 1. gangs handsaming sak B 115/89.

REGULERINGSFØRESEGNER FOR HAMMERSTAD CAMPING,  
GBNR. 10/97, GBNR. 14/35 OG GBNR. 24/54

1. Areala brukast til campingplass med campinghytter, sanitærbygningar og andre innretningar i samband med campingplass og caravanoppstillingsplass.
2. Bebygginga på areala går fram av påskrifta på reguleringsplanen, og er å forstå som maksimal utnytting av areala.
3. På areala blir det tillete påbygg på den eksisterande bustaden, det same gjeld eksisterande uthus som blir nytta som sanitæranlegg.
4. Vassforsyning skjer frå brønnborehol.
5. I sanitærbygga og hyttene er det installert vassbesparande klosett med avløp til lukka tank.
6. Klosettavfall frå vognene blir tømt i lukka tank som er knytta til sanitærbygga. Tømming av desse tankane og tømme plass for avfallet skjer på ein måte som kan godkjennast av Gol kommune.
7. Avløp frå kjøkken i campinghyttene blir tillete infiltrert i grunnen.
8. Bygningane skal vera i ein etasje, og det skal vera mønetak med takvinkel mellom 20 og 35 grader. Unnateke frå dette er eksisterande bustadhus og sanitærbygg sør, som begge skal kunne utvidast i to etasjar. Bygningane skal oppførast som trebygningar, og får utsjånad og fargevalg som harmonerar med den omliggande byggeskikken.
9. Avskjerming av delar av området blir tillete utført med vegetasjon i form av hekkar eller liknande.
10. Ved byggemelding av nye bygg på områda skal det sendast inn teikningar og situasjonsplan på vanleg måte.
11. Forøvrig kjem kommunale vedtekter og den til ei kvar tid gjeldande bygningslova til nytte.

-00000000-



# GOL KOMMUNE

## M Ø T E B O K

Sak.nr. B 115/89 J.nr. 03775/89 Ark.nr.: 504

Sak.nr. Utvalg Møtedato Avd/Sbh  
115/89 BYGNINGSRÅDET 28/08-89 T /PHM

### REGULERINGSPLAN FOR HAMMERSTAD CAMPING GBNR 10/97, 14/135 OG 24/54

#### BYGNINGSRÅDET 1. GANGS HANDSAMING

##### SAKSDOKUMENT:

- 1. Reguleringsplanforslag (privat) for området Hammerstad camping, teikning 57-01-01, dagsett 10.03.87 med tilhøyrande reguleringsføresegner.
- 2. Brev dagsett 10.03.87 (oversendingsbrev).
- 3. Kopi av kunngjering (melding om igangsetting av reguleringsplanarbeid).
- 4. Merknad til melding om igangsetting av reg. planarbeid).
- 5. Bygningsrådsak B87248, B87253 og B87282.

##### MERKNADER:

Denne saka har tidlegare vore handsama i bygningsrådet, men er ikkje handsama ferdig som 1. gangs vedtak. Når ein no legg saka fram att er det på grunn av føreliggjande søknad om utsleppsløyve, samt at søkjaren generelt ynskjer ei avgjerd med omsyn til etablering og satsing i området. Saka må sjåast i samanheng med søknad om utslepp, jfr sak B 114/89.

Det er elles generelt kome til nye moment i saka i og med at det ligg føre stadfesta reguleringsplanar for stølslaga Rekkjeset og Tretteskogane, baa eigengodkjende av Gol kommune i 1988. Den aktuelle eigedomen ligg dels i Rekkjeset og dels i Tretteskogane. Vidare har kommunen vedteke arealdelen av kommuneplanen med tilhøyrande retningslinjer.

I saksutgreiinga ved den forrige handsaminga i bygningsrådet, jfr saksdok nr 5 heiter det, sitat:

"Planforslaget består av 2 planområder, eitt på nordsida (28,6 dekar) og eit på sørsida (20,5 dekar) av riksveg 49. Begge er foreslått regulert til campingplass med campinghytter og oppstillingsplass for caravanvogner. det er frå før campingverksemd på dei 2 områda. Kvart felt (planområde) skal ha sine egne sanitæranlegg."

Daåverande teknisk sjef hadde slikt framlegg til vedtak, sitat:

"Bygningsrådet vedtek planforslag, teikning 57-01-01, dagsett 10.03.87, med tilhøyrande reguleringsføresegner. Planforslag og reguleringsføresegner vert å leggje ut til offentleg ettersyn i samsvar med § 27-1 i plan- og bygningslova.



Utbygger bør snarast utarbeide plan for avløp/ avløpsanlegg og søke om godkjenning av slik plan, då utbygging i planområdet m.a. er betinga av godkjent avløpsplan."

Bygningsrådet gjorde slikt vedtak i sak B87282, sitat:

"Bygningsrådet stiller seg i utgangspunktet positiv til planforslaget, men ber om at det vert sendt inn korrigert plan der Tubbeåni med tilliggande areal vert regulert med tanke på fri ferdsel (min. 10 meter frå elvekant). Det bør vidare framgå av planen kvar byggverk og kvar caravanvogner skal lokaliserast. Bygningsrådet tilrår byggherre å prioritere å få utarbeidd avløpsplan for planlagt utbygging i området."

Hammerstad Camping har ved brev den 19.06.89 frå Fylkesmannen i Buskerud fått avslag på opprinneleg utsleppssøknad i påvente av resipientvurdering som del av avløpsplan for Golsfjellet. I avslaget er det teke atterhald om at avslaget ikkje er til hinder for at kommunen kan gje løyve til enkeltutslepp i medhald av forskrifter om utslepp frå separate avlaupsanlegg.

I det etterfylgjande vert dei to delområda omtala kvar for seg.

#### **Område A - Nord om Tubbeåni- "Hjalleslette".**

Området er i reguleringsplanen for Rekkjeset regulert til landbruksområde.

På dette området fins det 4 hytter av eldre dato med i alt 16 sengeplassar, vidare eit uthus med utedo. Alle bygningane er av gamal dato. Uthuset er aktuelt å erstatte med hytte. Det er vidare tanken å byggje eit eige sanitærhus. Infiltrasjonsområde for gråvatn er tenkt flytta til myrområdet i nord- aust, i motsetnad til plasseringa nærare Tubbeåni i opprinneleg utsleppssøknad.

Eit eldre bygg (gamal utløe) sør - vest i området er tenkt restaurert og eventuelt flytta.

Byggjelinja langs vassdrag er i kommuneplanen for Gol fastsett til 50 m frå strandlinja. Det er såleis berre eit mindre areal (ca 25 x 160 meter = 4 daa) som kan byggjast ut sett i høve til byggjelinjene i området.

Ein skal her merke at bygningsrådet er tillagt dispensasjonsmyndighet i medhald av kommuneplanen og § 7 i plan- og bygningslova.

Søkjaren har opplyst til sakshandsamar at det tidlegare har vore stasjonert opp til 20 campingvogner på området, men at det i seinare tid har vore ca 10. Det er no (1989) ynskje om å kunne ha inn til 40 campingvogner på området. I opprinneleg søknad, jfr dokument 1, var området tenkt nytta til 90 vogner og 10 campinghytter.

Eksisterande vegtilkomst må inngå i planen og regulerast som trafikkføremål.

**Område B - sør for Rv 49.**

Denne delen av eiegenomen er regulert i Tretteskogane. Reguleringsføremålet er landbruk, samt to hytter/ fritidseiningar forutan gamal driftsbygning, bustadhus og tre små hytter som inngår i reguleringsføremål landbruk.

Søkjaren bur no i eine hytta saman med familien, og har planar om å byggje eit bustadhus på eller ved eiegenomen. Det er vidare planar om å byggje nytt sanitæranlegg samt ombygging/ påbygging av gamal driftsbygning.

Søkjaren har til sakshandsamar opplyst at det har vore stasjonert inn til 60 campingvogner på området, dei siste åra ca 40. Søkjaren ynskjer på sikt ca 90 vogner, samt 6 nye hytter her, jfr dokument nr 1.

Reguleringsplanen for Tretteskogane omfattar vegtilkomst og trafikkareal over eiegenomen. Dette må innarbeidast i planen for Hammerstad Camping.

TEKNISK SJEF SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:  
Bygningsrådet tek synfaring.

Bygningsrådet føretok synfaring saman med P.G. Morland den 28.08.89.

VEDTAK (einstemmig):

- 1. Bygningsrådet frårår campingvogner og nye hytter i området Hjalleslette.
- 2. Planforslaget med reguleringsføresegner vert å leggje ut til offentleg ettersyn i samsvar med plan- og bygningslova § 27- 2, som framlegg til endring av delar av reguleringsplanane Rekkjeset og Tretteskogane slik planen er utarbeidd av søkjaren.

Utskrift sendt til:

Hammerstad Camping v/ P.G. Morland, 3550 Gol



BL. §25 REGUL

Dette dokumentet har et for stort format til å kunne skannes i sin helhet.

For innsyn ta kontakt med arkivet ved Kulturhistorisk museum:

[postmottak@khm.uio.no](mailto:postmottak@khm.uio.no)

1. Byggjeområde

- BUSTAD
- BUSTAD
- FORRE
- INDUST
- OFFENTLEGE BYGNINGAR
- ALLMENNYTTIG FORMÅL
- 

2. Landbruksområde

- JORDBRUK, SKOGBRUK


3. Trafikkområde

- KØYREVEG
- GANGVEG, FORTAU
- ANNA TRAFIKKAREAL, PARKERING, BUSSTOPP, GRØFT, RABATT osv

4. Friområde


- PARK, TURVEG, LEIK

5. Fareområde



6. Spesialområde

- hytter/caravanplasser/turistformål.
- 




- TOMTEGRENSE
- FRISIKTLINJE
- SENTERLINJE REGULERT VEG
- OMRISS AV PLANLAGTE BYGG
- OMRISS AV EKSISTERANDE BYGG SOM GÅR INN I PLANEN
- VATN

§26. ANDRE VEDTAK

- FELLES AVKØYRING/PARKERINGSPLASS
- FELLES GANGVEG
- FELLES LEIKEOMRÅDE

MÅLESTOKK 1:1000



REGULERINGSPLAN FOR 10/97, 14/135 og 24/54 i Gol

HAMMERSTAD CAMPING

Revisjonar		DATO	SIGN.
Saksbehandling etter bygningslova		DATO	SIGN
BYGNINGSRÅDETS VEDTAK		28.08.97	
UTLEGGING TIL OFFENTLEG ETTERSYN			
KOMMUNESTYRETS VEDTAK			
STADFESTA AV			
K. J. Jacobsen, 3550. Gol	TEIKN. NR 57-01-01	DATO 100387	SIGN kaj.

# UNIVERSITETET I OSLO

1 2.

OLDSAKSAMLINGEN  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1  
TELEFON (02) 41 63 00



UNIVERSITY MUSEUM OF  
NATIONAL ANTIQUITIES  
FREDERIKS GATE 2, 0164 OSLO 1

KOPI

Gol kommune,  
Teknisk etat,  
3550 GOL.

OSLO, 13. november 1989.

SAKSBEHANDLER:

DERES REF.: 03775/89 504 PHM

VÅR REF.: (BES OPPGITT VED SVAR) 3124/89 PON/gi

FORSLAG TIL REGULERINGSPLAN FOR HAMMERSTAD CAMPING,  
BREIDOK, GNR. 20, HESLA, GNR. 14, NIFSTAD, GNR. 24,  
GOL KOMMUNE, BUSKERUD

Universitetets Oldsaksamling foretok en arkeologisk befaring i planområdet 1. november 1989. Det ble ikke funnet fornminner. Vi har derfor ingen merknader til planforslaget.

Vi vil understreke at dersom det skulle oppdages fornminner i marken i reguleringsområdet, skal arbeidet stanses i den utstrekning det kan berøre fornminnene eller deres sikringssoner på fem meter. Melding skal straks sendes Universitetets Oldsaksamling, jfr. lov om kulturminner av 9. juni 1978, §8.

Med hilsen

Per Oscar Nybruget  
forsker